

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017

Geir Angeltveit (V) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem Moster Amfi og Kyrkjhistoriske Senter AS. Angeltveit gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Geir Angeltveit var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Geir Angeltveit gjekk frå under behandlinga av saka.

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«Representanten stemmer mot forslaget grunnet at det fremstår som uklart hvilke økonomiske forpliktelser som følgjer av vedtaket.»

Røysting

Det var 53 representantar til stades.

Innstillinga vart vedteken mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vil støtte opp under arbeidet for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på Moster.
2. Det skal etablerast eit forprosjekt som i perioden fram til sommar 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringshøve, partnarskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærmare mandat for forprosjektet vert utarbeidd i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
3. Bømlo kommune skal koordinere arbeidet med jubileet fram til ei evt. anna organisering vert avgjort. Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal vere to av medlemmene i forprosjektgruppa.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til framtidig finansiering av prosjektet i budsjettsamanheng.

Protokollmerknad frå Silje Hjemdal (Frp)

Representanten stemmer mot forslaget grunnet at det fremstår som uklart hvilke økonomiske forpliktelser som følgjer av vedtaket.